



KYRKJEBLAD FOR VALLE, BYKLE OG HYLESTAD.

Nr. 2.

10. februar 1939

1. årg.

Det er brudgomen som har brura.

Joh. 3, 29.

Desse orda blei nye og velsigna for meg ein dag. Johannes' læresveinar blei ovundsjuke, då alle gjekk til Jesus, bort frå Johannes. Det var då han sa desse orda: Det er brudgomen som har brura. Han har kjøpt ho til Gud med sitt blod. Han har lova å verna ho og halda ho oppe alle dagar, inntil ho er pynta og ferdig til å hentas heim.

Ein kristen arbeidar har berre belesveinens rett. Han skal i staden for Kristus beda om hjarta og hand. Men eigedomsretten er Herrens. Sålenge det står klart, kan me med Johannes gle-

da oss inderleg, når me høyrer målet til Jesus, hyrdingrøysta, — og opplever at sjeler blir frelst, og lagt til Kristi kyrkjelyd. Det er brudgomen som er brura.

Gud er rettferdig, når han rettferdiggjør ein syndar.

Desse orda høyrde eg sagt i eit vitnesbyrd. Dei er sanne og dei er gode å minnast. Tenkjer me på syndaren sjølv, kan ikkje noko vera meir urettferdig. Om me samanliknar røvaren på krossen og den rike ungdom som ha halda boda frå han var ung, men som vanta det eine, — kan ein vel ikkje tenkja seg meir urettferdig handsaming av desse to, om retten skulle gjelda.

Men no har Gud i sin visdom laga det slik at nåden går for rett. Korleis kunde han det? Jau, Han vart såra for våre brot, og sundbroten for våre synder. Straffi låg på han, so me skulle ha fred, og ved hans sår hev me fenge lækjedom. Gud ser på Jesus, kva han har gjort for deg. Han har frikjøpt og frelst deg frå alle synder. Derfor er Gud rettferdig når han rettferdiggjjer ein syndar. På dette grunnlag er han rettferdig når han dømer. Han døde for alle. Han kallar alle. Den som ikkje vil koma og taka imot denne frelse, der nåde gjeng for rett, han dømer seg sjølv. Gud er rettferdig.

Ei svak teu er også ei teü.

Trua er ikkje alltid ein brennande fakkell, men ofte berre eit svakt, skinande ljøs. Ljoset skin då likesom fakkelen, om enn ikkje so klart. Trua er det auga som me skodar Kristus med; eit svakt auga er ogso eit auga, eit gråtande auga likeeins. (H. Müller).

Heil deg kross, mi einaste von.

Han ha lenge kjent Guds kall. Han stod lenge imot. Men Gud gav ikkje opp. Han vil at alle menneske skal bli frelst. Han

prøvar alle utvegar. Hans kjærleik vil oss alle nå. Han har ein plan med alle. Han har fredstankar med kvar einskild, for å gjeva han og ho framtid og von. Slik var det med han eg skal fortelja om. Gud ha ein bestemt plan med han. Alt ha lagt seg slik til rettes at det var berre viljen hans Gud venta på. Og ein dag gjev han Gud den lovnad å vera lydigg mot Herrens vilje. Det går så bra alt. Gud syner atter og atter at han meiner det han seier. Og så står denne ungdom der, nær ved målet. Hjarta er fyllt med dette vitnesbyrd: Gud er god. Eg vil vera eit vitne om han som har gjort hjarta mitt nytt.

Men just som han skal ta imot si ungdoms von, så misser han alt. Vona er burte. Hjarta er sjukt. Det store kvifor fyller hans sjel. Har ikkje Gud meint noko med det heile? Alle menneske ser så rart på han. Å, om han kunne gøyma seg bort frå alle. Så kjem tvilen. Deretter kampen. Det største ynskje han ha var dette: Å, om han aldri var fødd. Kor det skulle vera godt å døy. Men han måtte få døy i Kristus.

Då kjem ein ven burt til han. I handa hadde han ei pakka. Han sa takk og gjekk. Det er kveld. Hjarta var mørkt som natta. Men, der inne på romet sitt fann han fram venens gåva. Han op-

VEGEN.

Utgjevar: Dei tre sokneråda.

Redaktør: Soknepresten.

Kasserarar:

Eivind Homme i Valle.

Dreng Byklum i Bykle.

Hans Hovet i Hylestad.

VEGEN kjem ut i Valle 10. i kvar månad og kostar kr. 1,—.

Utanbygdes betalar kr. 1.50.

nar ho, og ser ein kross. Lenge låg han og såg på krossen. Det braut i hans indre. Har krossen verd? Då kom ynskje hans atter fram. Han ville døy, men han måtte døy i Kristus. Og krossen løyste gåta. Der var ei von. Hans einaste von. Så fekk han atter leggja seg i Guds armar. Underlege kross. Han gav kraft i denne stund til at denne ungdom atter kunne seia til Gud: Du er rettferdig om du tek alt. Lat meg berre få vera din i liv og i død.

Tida gjekk. Han gløynde aldri si sorg. Men han gløynde heller aldri krossen. Gud greip atter inn. Det tapte fekk han att, om enn på ein utenkt veg. Han nådde eit nytt mål. Det kom nytt ljøs inn i hans veg. Ny tru. Ny takk. Han fann Guds nåde i denne motgang. Herren gav og Herren tok, Herrens namn vera lova. Og løyndomen til dette var krossen. Herlege kross.

Sjela sin skatt. Heil deg, mi einaste von.

VEGEN er vorte noko forsinka for januar og februar, av ymse grunnar. For mars skal han koma i rute. Han kjem 10. i kvar månad.

Skriv stykke i Veg en. Ver med og gjer han god.

Lekmann og prest.

Sokneprest Dehli heldt nyleg eit fyredrag under dette tema. Han segjer m. a. Dersom presten verkeleg er prest og lekmannen og lekpreikaren verkeleg er lekmann, då vert det slik: «De to kan ikke skilles ad, den ene gjør den annen glad.» Det er den truande prest og den truande lekman det her gjeld. Presten treng meir åndsautoritet. Lekpredikantens store fare er at han blir prest. Måtte ikkje det hende at den truande prest er til hinder eller skade for lekmannsverksemda. Måtte ikkje lekmannen gå så mykje opp i sin organisasjon, at han misser den tennande gneist, og innerlegdom. Dei stadlege nådegåver må ein elska fram. Miss ikkje frimodet, som har stor løn.

Kallet.

I trueslæra er Kallet det fyrste ledd i «Frelsens orden». Kallet er den fyrste handling av Gud, som tener til å opna hjarta for frelsa i Kristus. Kallet kjem til oss i evangeliet, det som byd oss inn til Guds rike. Det ein får der, er: Livet, ljuset, herlegdomen, samfund med Jesus. — Midlet Gud brukar er Ordet, både som lov og evangelium. Lova forkynner domen over synd, den glade budskap er budskapen om frelse frå all synd, på grunn av Jesu forsoning. Det naturlege menneske kan ikkje fatta dette. Men i kallet får det Guds førebuaende nåde, og vert sett på val, og gjeve kraft til å tru. Gud kallar og gjennom motgang. Men redsla må mognast til sorg over synd. Kallet kjem og til den som stend i si dåpsspakt, for å vekke eit medvite liv med Gud, ei medviten tru. Ingen kan koma til Gud utan gjennom kallet. Men alle er kalla i evangeliet, og alle vil eingong verta stilla på val.

GUDSTENESTER

12/2 Valle kyrkje.
19/2 Bykle kyrkje.

26/2 Valle kyrkje.
5/3 Hylestad kyrkje.
12/3 Valle kyrkje.

MØTER

15/2 hjå Pål Haugen kl. 6.
18/2 konfirm.lesing i Hylestad kl. 12.
19/2 i Bykle kl. 3 v/ soknepresten.
26/2 i Oveinang kl. 3 v/ soknepresten.
4/3 i Brokke skule kl. 7 v/ soknepr.
5/3 på Helle kl. 4/ v soknepresten.

DØDE

15/1 Thor D. Fodtveit, f. 1885.
22/1 Anlaug G. Helle, f. 1858.
14/1 Tellef A. Mosdøl, f. 1866.

Kjære medarbeidar i Guds rike!
Send oss eit stykke til Veggen!
Send oss ei helsing frå din Frel-
sar!

Dr. Stanley Jones fortalde ein gong om ein rik godseigar som heldt husandakt heime. Til slutt bad han ei brennande bøn for ein av sine fatige arbeidarar. Då han var ferdig, kom hans vesie 5-årige dotter fram til han, og med den mest skuldause barne- mine spurde ho sin far: «Pappa, kvifor skal du bry Gud med slikt? Kan ikkje du hjelpe han?»

«Agder Tidend»s prenteverk,